



Magnus Haugland
5937 BØVÅGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1534 - 14/5691

Saksbehandlar:
Tonje Nepstad Epland
tonje.epland@radoy.kommune.no

Dato:
27.05.2014

Krav om innsyn - ingen dokument tilgjengeleg

Dykkar brev av 26.05.2014 som gjeld krav om innsyn i byggesak – naust i Kobbevågen.

Kommunen har ikkje dokument i sitt arkiv som gjeld naust knytt til gbnr 27/1, 28/1 og 27/19, eller til dykkar namn, ut over løyvet frå 1971 som er sendt dykk tidlegare.

Strandplanlova vart innført i juni 1965. Då vart det krav om søknad om dispensasjon frå 100-metersbeltet for oppføring av naust. Formannskapet i Radøy kommune handsama desse sakene, etter at dei hadde vore til uttale hjå friluftsrådet. Kommunen har kontrollert møtebøkene, men sak som gjeld dykkar naust er ikkje handsama i formannskapet i 1966-67.

Også bygningslova vart innført i 1965. Før dette tidspunkt var det ikkje krav til søknad om løyve for å byggje naust. Bygningsrådet i Radøy kommune vart oppretta i 1966. Kommunen har kontrollert møtebøkene, men sak som gjeld dykkar naust er ikkje handsama i bygningsrådet i 1966.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland
leiar teknisk forvaltning

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:
Magnus Haugland

5937

BØVÅGEN